



Vil du vera med å sikra reint vatn i Stord kommune? Stord Vatn og Avløp AS er eit kommunalt eigd aksjeselskap med ansvar for drift og utvikling av vass- og avløpsinfrastruktur i Stord kommune. Me er ein viktig aktør i arbeidet med å sikre berekraftig utvikling og trygg vassforsyning for innbyggjarane.

Stord Vatn og Avløp AS har 33 tilsette som jobbar saman i eit sterkt fagmiljø og tilbyr interessante og varierte arbeidsoppgåver i eit godt arbeidsmiljø. Me har tett samarbeid med rådgjevarar og entreprenørar for å sikre eit trygt VA-anlegg.

Driftsoperatør lekkasjesøk

I denne rolla vil du arbeida med å finne, kartleggje og redusere lekkasjar i leidningsnettet. Arbeidet er viktig for å sikre stabil vassforsyning, god ressursbruk og høg kvalitet i tenestene våre.

Utdanning og erfaring:

- VVS/VA røyrleggar. Anna relevant fag-utdanning/erfaring kan bli vurdert som aktuell.
- ADK
- Førarkort kl. BE
- Gode norskkunnskapar- både munnleg og skrifteleg
- God kunnskap i bruk av data og ulike datasystem for rapportering

Arbeidsoppgåver

- Drift av vatn og avløp
- Vasslekkasjar
- Vedlikehald av vasskummer og leidningsnett
- Stenging av vatn for prosjekt og private
- Prøvetaking av vasskvalitet
- Leite etter vasslekkasje på kommunale/private leidningar
- Bruk av inspeksjonskamera og traselytting

Eigenskapar:

- Ha gode samarbeidsevner, kommunisere godt og er i stand til å løyse akutte problem
- Positiv og serviceinnstilt
- Sjølvgåande, men samtidig ein lagspelar
- Villig til å gjennomføra eventuell nødvendig opplæring.

Me tilbyr

- Moglegheit for å bidra til viktig samfunnsnyttig utvikling av framtidens infrastruktur
- Spannande og utfordrande arbeidsoppgåver
- Moglegheiter for fagleg utvikling og kompetanseheving
- Godt og inkluderande arbeidsmiljø
- Gode pensjons- og forsikringsordningar

Det vil etter søknadsfristens utløp utarbeidast ein offentleg søkerliste.

Dersom søkerar ynskjer å verta unnateke frå offentleg søkerliste, må det grunngjevast. Opplysningar om søkeren kan bli offentleggjort, sjølv om søkerar har bedt om ikkje å verta oppført på søkerlista. Søkarar vert varsla dersom ynskje om reservasjon ikkje vert teke til fylgje.

Søknadsfrist: 15.03.26

Nærare opplysningar hos avdelingsleiar drift Erik Kallestadbakken, tlf 975 52 085
Søknad og CV skal sendast til post@stordva.no